



Bø kommune

Kommunedelplan for kunst og kultur 2015-2027



Innhald

Innleiing	3
Vilje til samspel.....	3
Frå plan til handling.....	3
Visjon.....	3
Fire hovudmål for kunst- og kulturfeltet.....	4
1. Bø skal vere eit fagleg tyngdepunkt for kunst og kultur i regionen.	5
2. Bø-samfunnet skal ha eit sterkt og levande frivillig kulturliv.....	9
3. Gullbring kulturanlegg skal vere regionenes viktigaste møteplass for kunst, kultur og folkehelse	11
4. Campus Bø skal vere ein attraktiv studiestad med gode kunst- og kulturtilbod	12

1

¹ Forsidefoto: Øystein Akselberg

2

Innleiing

Vilje til samspel

Kommunesektoren er i endring og lokalt kulturliv er i endring. Kulturaktørane sine evner til samarbeid, kreativitet, forandring og omstilling vil vere sentrale faktorar for å lykkast. Håpet er at dette planarbeidet skal utfordre tradisjonell sektortenkning innanfor kulturlivet, og samstundes stimulere til ei nytenking omkring kommunens roller og etablerte former for samarbeid med ulike nivå og aktørar. Bø er ei bygd i sterk vekst - eit faktum som stiller oss overfor andre krav og utfordringar enn distriktskommunar som slit med nedgang i folketallet. Kulturlivet i Bø er prega av eldsjeler, sterk dugnadsinnsats, mangfald, høg kompetanse, profesjonelle aktørar, sterk innovativ kraft og god infrastruktur. Det er viktig at ein i planarbeidet er medviten om den tradisjonelt sterke koplinga mellom kultur og idrett, og mellom offentleg og frivillig kulturliv i Bø.

Frå plan til handling

Kommunedelplan for kunst og kultur skal vere eit strategisk styringsdokument som synleggjer Bø kommune sin politikk på kunst- og kulturfeltet frå 2015-2027. Planprogrammet blei vedtatt i 2010-2011. Etter eit opphald, er arbeidet nå sett i gang igjen og planen er forankra i kommuneplanens samfunnsdel (2013-2025). Planen skal rullerast kvart fjerde år, og skal følgjast opp av ein handlingsplan med prioriterte tiltak som reviderast kvart år i samband med kommunens budsjettbehandling.

Strategiar handlar om å gjere val og å prioritere kva som skal til for å nå dei målsettingane som ligg i visjonen. Til kvart satsingsområde er det formulert eigne mål og strategiar. I dette arbeidet tar vi utgangspunkt i dei rammene vi har til rådvelde som følgje av lov, vedtak og andre føringar. Dette gjeld til dømes både økonomiske, arealmessige og personalmessige ressursar. Det er viktig å vere klar over at kommunen ikkje er i stand til å nå måla aleine. Bø kommune er som aktør avhengig av menneska som bur, arbeider og på ulikt vis verkar i kommunen. Samfunnsutvikling er eit samarbeid mellom kommunen og mange andre aktørar. På fleire område er kommunen sitt beste bidrag å legge til rette, det gjeld også for ein stor del kunst- og kulturområdet.

Visjon

Bø skal vere ein av landets fremste kulturkommunar²

Bø kommune er ein attraktiv kommune med sunn og sterk vekst både i folketal og arbeidsplassar. Bø kommune er vertskommune for Høgskolen i Telemark med om lag 2000 studentar på Campus Bø, og for Bø Sommarland som i løpet av korte sommarmånader har om lag 150 000 besøkande. Bø kommune har gode kommunale kulturtilbod - og ei aktiv

² Visjonen for kulturarbeidet er vedtatt i kommuneplanens samfunnsdel 2013-2025, Bø kommune

befolkning med høg kompetanse og sterkt engasjement i kulturlivet.³ Bø kommune blei kåra til Norges kulturkommune i 2005,⁴ og knivar kvart år heilt i toppen på Telemarkforskning sin Kulturindeks⁵. Dette er eit godt utgangspunkt for å utvikle lokalsamfunnet vidare med fokus på livskvalitet, gode opplevingar og folkehelse.

Bø kommune har vekst i busetnad og talet på arbeidsplassar over landsgjennomsnittet. Bø er eit regionsenter i Telemark og eit naturleg senter i Midt-Telemark. I kommuneplanens samfunnsdel (Bø kommune 2013), er det prioritert tre satsingsområde som også vil vere førande for den framtidige utviklinga av kulturlivet:

- Bø – regionsenter i Telemark.
- Bø – ein nyskapande kommune
- Bø – ein god stad å bu

Fire hovudmål for kunst- og kulturfeltet

Planen tar utgangspunkt i ei oppfatning av kultur som ein vesentlig ressurs for samfunnsutvikling, folkehelse og for identitetsbygging, og rettar seg mot heile befolkinga. Under kvart satsingsområde blir det presentert prioriterte målsettingar og strategiar for å nå måla.

1. Bø skal vere eit fagleg tyngdepunkt for kunst og kultur i regionen.
2. Gullbring kulturanlegg skal vere regionenes viktigaste møteplass for kunst, kultur og folkehelse.
3. Bø-samfunnet skal ha eit sterkt og levande frivillig kulturliv.
4. Campus Bø skal vere ein attraktiv studiestad med gode kunst- og kulturtilbod.

³ Dokumentert i underlaget til Kommuneplanens samfunnsdel 2013-2025, Bø kommune

⁴ Norges kulturkommune i regi av Norsk kulturforum

⁵ Telemarkforskning Kulturindeks www.telemarkforskning.no – måler kulturbruk og –deltaking i alle landets fylke kommunar.

1. Bø skal vere eit fagleg tyngdepunkt for kunst og kultur i regionen.

Med kulturfaglege forskings- og studiemiljø på Høgskolen i Telemark og Telemarksforskning, regionale kulturaktørar, eit aktivt lokalt kunst- og kulturliv og gode arenaer og anlegg, vil Bø vere eit naturleg tyngdepunkt for regionens kunst- og kulturliv i framtida. Bø skal vere ein open, fleirkulturell og inkluderande kulturregion.

Hovudmål 1

Alle innbyggjarar skal ha muligheit til å delta i aktivitetar og tilbod

Mål	Strategiar
Kunst- og kulturtilbodet skal vere mangfaldig og ha høg kvalitet.	<ul style="list-style-type: none">• Styrke og utvikle eksisterande offentlege og frivillige tilbod og aktivitetar.• Nye tiltak og satsingar blir møtt med interesse, fagleg bistand og samarbeid der det er ønskjeleg.• Bø kommune skal sette av 1-1,5 % av netto byggekostnad til kunstnarleg utsmykking av nye kommunale bygg.• Bø kommune skal jobbe for satsing på eit hus for omsetjarar og omsetjarstudium til Bø.
Aktivitetar og tilbod skal vere inkluderande.	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid mellom offentlege og frivillige aktørar for å få alle med.• Legge til rette gjennom vidare satsing på Aktivitetskortet.

Hovudmål 2

Bø kulturskule skal vere eit regionalt ressurscenter

Bø kommunale musikkskule er organisert innan eining for kultur og fritid. Musikkskulen har vore kommunalt drifta sidan 1984. Rekrutteringa til musikkskulen sine aktivitetar har vore god og stabil gjennom alle disse åra. Tilboda har variert litt etter tilfang av lærarkrefter og etterspurnad frå brukarane. Interesse for deltaking i ulike kulturelle aktivitetar er stor, og krav til profesjonalitet og kvalitetssikring av tilbod til barn er stadig aukande. Bø kulturskule skal inngå i ein heilskapleg samanheng i sitt lokalsamfunn, og i samarbeid med det frivillige kulturlivet. Kulturskulen skal vere ein inkluderande møteplass, gi eit mangfaldig undervisningstilbod, og vere ein institusjon for tradisjon, fornying og integrering. Ein utbygd kulturskule har potensial i seg til å vere eit kulturelt ressurscenter i sin kommune. Eit breitt samansett fagmiljø vil vere ei støtte for skuleverket, lokale lag, og barn med særskilde behov. Ny nasjonal rammeplan for kulturskulen «*Mangfold og fordypning*» skal vere ferdig i 2016, og innføring av denne vil

utgjere ei hovudsatsing dei første åra. Bø kommune skal styrke kulturskulen i planperioden⁶.

2.1. Bø kulturskule skal vere eit reelt tilbod for alle barn og unge uavhengig av bakgrunn.

Mål	Strategiar
Korte ned ventelista og oppnå ei deltaking på 30 % av grunnskulens elevar på 5.-10. steg.	<ul style="list-style-type: none"> Tilby fleire plassar spesielt på piano og song ved å auke ressursinnsatsen.
Barn med spesielle behov skal kunne delta i aktivitetar der kulturskulen har tilbod og relevant kompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> Samarbeide tverrfaglig med skule, barnevern, PPT tenesta og NAV i høve til barn og unge med spesielle behov.
Rekruttere elevar breitt og behalde ungdom i kulturskulen.	<ul style="list-style-type: none"> Utvikle tilbod som er attraktive og ønska/initiert av ungdom. Oppløse om tilboda til heile befolkninga. Samarbeide med Bø jazzklubb og Kroa i Bø om alternative opplegg. Halde fram og auke deltakinga i UKM-lokalt.

2.2. Bø kulturskule skal vere ein fullskala kulturskule med høge pedagogiske og kunstnarlege ambisjonar

Mål	Strategiar
Innføre ny rammeplan for kulturskulen med strategi for både breidde og spiss innan 2017.	<ul style="list-style-type: none"> Organisere undervisninga i forhold til: 1.Grunnprogram, 2. Kjerneprogram og 3. Fordypningsprogram. Samarbeide med andre om talentutvikling Arrangere korte kurs i dans, teknikk, instrumentalundervisning, lyd/lys, film, bilde og skrivekunst Styrke og behalde eksisterande tilbod innan musikk, dans og bilde.
Levere pedagogiske tenester til det frivillige kulturlivet.	<ul style="list-style-type: none"> Vidareføre samarbeidsavtala med lokale korps, kor, spelemannslag og Bø ungdomslag. Utvikle og utvide tilbodet i drama i samarbeid med Bø ungdomslag.
Bø kulturskule skal ha ein sterk folkemusikalsk profil.	<ul style="list-style-type: none"> Utvikle fleire tilbod i tradisjonssjangeren ved å auke ressursinnsatsen og samarbeide med Bø juniorspelemannslag og andre lag. Vidareføre Den kulturelle skulesekken med satsinga på tradisjonsdans og samarbeidet med Ungfolk, Telemarkfestivalen og Hardingfelesenteret.

⁶ Pkt 3.3.2. i Kommuneplanens samfunnsdel 2013-25, Bø kommune

Hovudmål 3

Bø bibliotek skal vere ein attraktiv møteplass for alle

Bø bibliotek er ein populær møteplass i dag med eit årleg besøk på om lag 25.000 og eit medieutlån i overkant av 50.000. Det har vore folkebibliotek i Bø sidan 1842. I dag har biblioteket tilhald i leigde lokale i andre høgda over Sparebanken DIN. Folkebiblioteka skal nå styrke si rolle som kunnskapsformidlarar i ei digital tid, og gjere seg betre i stand til å formidle sitt litteratur- og kulturtilbod. Biblioteka er den mest brukte kulturarenaen i Noreg, og innbyggjarundersøkinga viser at bibliotek er den offentlige tenesta brukarane er mest nøgde med⁷. Biblioteket som institusjon er i endring nasjonalt og internasjonalt. I dag blir det lagt betydeleg vekt på bibliotekets viktige rolle som sentralt element i byplanlegging og samfunnsutvikling. Samarbeid og satsing på gode arkitektoniske og effektive driftsløysingar som styrkar bibliotekets funksjon i lokalsamfunnet, vil vere vesentleg for at tilbodet også i framtida skal ha høg kvalitet. Fokuset skiftar raskt frå det vi kan kalle samlingsforvaltning - til brukaren og opplevingar i sentrum; biblioteket skal vere ein spennande stad å kome til og opphalde seg for alle. I framtida vil det bli heilt avgjerande at biblioteket satsar på formidling og tenesteutvikling, og på styrking av biblioteket som møteplass og arena for læring, offentleg samtale og debatt.

Mål	Strategiar
Bø bibliotek skal ha eit medieutlån over 55000.	<ul style="list-style-type: none">• Satse på eit aktuelt og variert medietilbod og effektive driftsløysingar• Satse på høg kompetanse og hensiktsmessige digitale løysingar
Nye Bø bibliotek skal lokaliserast til campus og nært knytt til Gullbring kulturanlegg	<ul style="list-style-type: none">• Satse på sambruk, god kapasitet og effektive arkitektoniske løysingar som styrkar bibliotekets funksjon som møteplass for alle
Biblioteket skal vere arena for aktuell samfunnsdebatt.	<ul style="list-style-type: none">• Ta initiativ til å samarbeide med fag- og forskingsbiblioteket, skulane, lag, organisasjonar og andre om møte og debattar
Biblioteket skal vere ein aktuell arena for formidling av litteratur.	<ul style="list-style-type: none">• Gå inn som aktiv samarbeidspart i litteraturfestivalen Bøker i Bø.• Samarbeide med lokale og regionale aktørar om forfattarmøte, utstillingar og andre arrangement.

⁷ Kulturminister Thorhild Widvey i ei pressemelding 8. oktober 2014

Hovudmål 4

Bø kino skal vere ein av landets best besøkte kinoar i forhold til folketalet

Bø kino er Telemarks 3. største kino. Kinoen har vore kommunal sidan 1931. I 1994 flyttet kinoen inn i nye lokale i Gullbring Kulturanlegg, noe som medførte ei dobling av besøket frå om lag 20.000 til 40.000. Sidan har besøket stabilisert seg på om lag 37.000-40.000 pr. år. Snittbesøket pr. innbyggjar svært høgt, og kinoen plasserer seg kvart år heilt i landstoppen. Bø kino driftast i dag svært kostnadseffektivt. Likevel går ikkje kinoen med overskott og det er to hovudgrunnar til dette: Høge husleigekostnader og ingen eigne kioskinntekter, noko dei fleste kinoar har. Det er store variasjonar i inntektene frå år til år, noko som i hovudsak skuldast filmtilfanget. Nokon år er det fleire store kassasuksessar, andre år nesten ingen. Konkurransen om merksemda til eit filminteressert publikum er aukande, og for å henge med må Bø kino i tillegg til å tilby film som ferskvare, tilby høg kvalitet på bilde, lyd, sittekomfort og andre tilbod. Kinoen har dei siste par åra satsa med suksess på sal av lokal reklame, meir offensiv marknadsføring og samarbeid med lokalt nærings- og kulturliv. Kunnskap om og kontakt med publikum lokalt er ein nøkkel til riktig programmering og ein profil som treff.

Mål	Strategiar
Bø kino skal ha eit årleg besøk på 40.000.	<ul style="list-style-type: none">• Tilby høg kvalitet på bilde og lyd ved å oppgradere utstyr og kompetanse.• Auke sittekomfort ved å skifte ut stolar• Tilby eit variert og profilert program• Vise film kvar dag
Bø kino skal vere eit sosialt tilbod - spesielt til ungdom og studentar.	<ul style="list-style-type: none">• Vidareføre tilbod om film laurdag kveld• Satse på FilmFest Bø og Den Store kinodagen.• Satse på film i Den kulturelle skulesekken lokalt
Bø kino skal ha ein berekraftig økonomi.	<ul style="list-style-type: none">• Vidareføre satsing på lokalt reklamesal og marknadsføring.• Bidra til effektive løysingar for sal av billetter og samarbeid med Gullbring kulturanlegg.

Hovudmål 5

Bø kommune skal bidra til forvaltning og formidling av vår felles kulturarv for framtida

Medvit om kulturarv og kulturminner er viktig i ei moderne tid med utbygging og utvikling. Bø kommune ser det som viktig at ein i forvaltning og planarbeid tek ansvar for bevaring og synleggjering av, ikkje berre kulturminne med formelt vern, men også nyare tids kulturminne. Det blir nå parallelt utarbeidd ein felles kulturminneplan for Bø og Sauherad kommunar med mål om å utvikle eit styringsverktøy som sikrar innbyggjarane og politikarane oversikt over område og enkelte kulturminne. Samstundes kan ein godt forankra kulturminneplan kunne styrke bruken av kulturminna som grunnlag for utvikling, identitet og verdiskaping lokalt. I kommunedelplan for kunst og kultur har vi valt å trekke fram tre fokusområde for satsing på dette feltet.

Mål	Strategiar
Bø Museum skal vere eit attraktivt og profesjonelt lokalt museum.	<ul style="list-style-type: none">• Sikre rammevilkår for drift av Bø Museum.
Bø kyrkje skal vere ein sentral kulturaktør i bygda.	<ul style="list-style-type: none">• Sikre rammevilkår for drift av Bø kyrkje
Norsk Hardingfelesenter skal vere etablert som nasjonalt senter for formidling av hardingfela; instrumentet, spelet og utøvarane.	<ul style="list-style-type: none">• Legge til rette for drift av Norsk Hardingfelesenter.• Samarbeide om arrangement og satsingar.

2. Bø-samfunnet skal ha eit sterkt og levande frivillig kulturliv

Kommunen skal i planperioden ha eit sterkare fokus på innhaldet i kultursatsinga, vidareutvikle og styrke samarbeidet med det frivillige kulturlivet og betre rammevilkåra for dei frivillige kulturaktørane.⁸ Bø har eit rikt frivillig kulturliv som bidrar sterkt til identitetsskaping, verdiskaping og aktivitet i regionen. I Bø er det registrert om lag 75 frivillige lag og organisasjonar, fleire med medlemmer på tvers av dagens kommunegrenser. Å delta i det frivillige livet gir muligheit til å etablere gode sosiale relasjonar, å meistre på andre arenaer og bidra til godt bustadmiljø og trivsel. Dugnadsarbeid og frivillig innsats og aktivitet er viktige verdiar i det norske samfunnslivet – og tradisjonelt ein av berebjelkane i kulturlivet. Det er eit viktig samfunnsansvar å legge til rette for at det frivillige kulturlivet skal ha gode rammevilkår.

⁸ Kommuneplanens samfunnsdel 2013-25, Bø kommune

Hovudmål 1

Frivillig kulturliv skal bygge på godt samspel

Mål	Strategiar
Det frivillige kulturlivet skal sikrast gode rammevilkår.	<ul style="list-style-type: none">• Oppretthalde tilskotsordningar.• Legge til rette for aktivitet i tilpassa lokale.• Bø kommune skal vere rådgjevar og samarbeidspart der det er naturleg.• Bø kommune skal aktivt informere om lag og organisasjonar.
Bø arrangørforum skal vere eit koordinerande organ som femnar alle arrangørar på kulturfeltet.	<ul style="list-style-type: none">• Bø kommune har ansvar for å etablere Arrangørforum med to faste møte i året.
Bø kulturettnettverk skal vere ein viktig aktør for samarbeid og koordinering.	<ul style="list-style-type: none">• Etablere faste møteplassar for fagleg utveksling og utvikling i samarbeid med Bø kommune.
Bø lyd og scene skal vere ein ressurs for lokale arrangørar og lokalt kulturliv.	<ul style="list-style-type: none">• Lag og organisasjonar må engasjere seg aktivt i drifta.
Frivilligsentralen skal vere ein viktig lågterskel møteplass.	<ul style="list-style-type: none">• Sikre rammevilkår for drift av Frivilligsentralen.• Etablere ein <i>Frivilligbørs</i>.• Satse vidare på <i>Utstyrskassen</i>.

Hovudmål 2

Frivillig verksemd er ei sterk utviklingskraft i Bø-samfunnet

Mål	Strategiar
Styrke Bø sin profil som <i>Revybygda</i> , <i>Konsertbygda</i> og <i>Festivalbygda</i> .	<ul style="list-style-type: none">• Stimulere til vidare satsing på lokalrevystafett mellom grendelaga.• Vere samarbeidspart og støtte der det er naturleg.• Støtte lokale ikkje-kommersielle kulturfestivalar med nasjonal relevans.• Legge til rette for aktivitet.• Marknadsføre Bø som kulturkommune.
Frivillig aktivitet og engasjement skal vere ein viktig sosial og menneskeleg møteplass.	<ul style="list-style-type: none">• Stimulere til satsing på eit mangfald av aktivitetar, konsertar, revy, møte, teater og utstillingar.

3. Gullbring kulturanlegg skal vere regionenes viktigaste møteplass for kunst, kultur og folkehelse

Aktørar i kulturlivet og i politiske og administrative organ hadde arbeidd med planar for eit kultur- og idrettsbygg i Bø kommune sidan 1970-talet, og tidlig på 1990-talet kunne prosjektet endelig realiserast gjennom ein sambruksavtale mellom Bø kommune og staten v/Høgskolen i Telemark. Selskapet Gullbring kulturanlegg as blei stifta 27. mars 1991. Selskapet fekk som formål å bygge og drive kulturbygg, fleirbrukshall og miljøbad, og anlegget stod ferdig og blei offisielt opna 14. mai 1994. Dette første byggesteget inneheldt idrettshall, symjeanlegg, konsert- og teatersal, galleri, kafé og foajé. Kinosal, kontor og møterom blei fullført som eit byggesteg 2 hausten 1994. Seinare har selskapet etablert eit treningssenter i anlegget. Gullbring kulturanlegg har status som regionalt kulturhus. Bygget er totalt på 8000 m². Uteområdet er opparbeidd som parkanlegg, parkering og eit friluftsamfi. Biblioteket var planlagt inn i anlegget, men blei tatt ut av økonomiske grunnar. Det ligg føre eit strategisk programdokument for Gullbring kulturanlegg (2006), som peiker på utviklingsplanar og behov for rehabilitering og auka kapasitet.

Drifta har for ein stor del vore basert på sambruk og langsiktige leigeavtaler med Bø kommune (kontor, kino og kulturskule), Høgskolen i Telemark (undervisningslokale), IL Skarphedin og Telemarkkonsertar as. Andre viktige inntekter er kortsiktige leigeavtaler for Storsalen i tillegg til anna utleigeverksemd og drift av bad, treningssenter og kafé. I dag representerer Gullbring sine tilbod saman med Bø kino, Bø kommunale musikkskule og frivillige lags verksemd på huset, eit av regionens viktigaste lågterskeltilbod til barn og ungdom, og ein ser ei tilsvarande utvikling for seniorar. Gullbring er ein populær møtestad med om lag 250.000 besøkande årlig.

Mål	Strategiar
Gullbring skal vere regionens viktigaste arena for formidling av profesjonell kunst og kultur med ein tydeleg ambisjon og profil.	<ul style="list-style-type: none">• Rehabilitering og utviding basert på sambruk og samarbeid.• Satse på utvikling og betre tilrettelegging for profesjonell scenekunst og kunstformidling.
Utvikle eit sterkt kulturfagleg kompetansemiljø i Gullbring.	<ul style="list-style-type: none">• Legge til rette for eit større kontorfellesskap for kommunale, frivillige og regionale aktørar på kulturfeltet.
Auke frivillige lag og organisasjonar sin aktivitet i Gullbring.	<ul style="list-style-type: none">• Kartlegge behov• Etablere faste møtepunkt for dialog med brukarar• Legge til rette for frivillig verksemd

4. Campus Bø skal vere ein attraktiv studiestad med gode kunst- og kulturtilbod

På campus med om lag 2000 studentar, er det mange kulturaktørar, både frivillige og profesjonelle. Felles for dei fleste er at studentar og tilsette ved HiT på ulikt vis er direkte involvert. Gullbring er ein viktig arena og aktør, slik også Kroa og Kro og Kultur med sine aktivitetar, er det. Bø kino rettar seg i stor grad mot studentane, slik også Bø jazzklubb tradisjonelt har gjort det. Telemarkfestivalen er ein viktig studentpraksis plass og er slik sett også orientert mot studentgruppa sjølv om festivalen går føre seg før studiestart. Samla sett utgjer kulturaktørane og arenaene eit vesentlig bidrag til studiestadens attraksjonskraft, i tillegg til det næringspotensialet som kan ligge i etablering og profesjonalisering. Betre tilrettelegging, kontorfellesskap og meir samarbeid om marknadsføring er naturlige punkt å diskutere vidare.

Mål	Strategiar
Campus skal ha eit godt kulturtilbod.	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeide om utvikling av Campus Bø gjennom m.a. Områderuleringsplan og oppfølging av tiltak i Campusplan.• Bidra til å utarbeide Studentmelding for Studiestad Bø.
Kroa i Bø skal vere ein av landets fremste scener for rytmisk musikk.	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeide med Kroa og Kro og Kultur der det er naturleg.